

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.08.2016
Vår ref.: 2016/2594-24
Saksbehandlar: wengaus
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Invitasjon til å levere tilbud på lydtekniske tenester til skulekonsertproduksjonen "Djønne & Børsheim"

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurranse om anskaffing av lydtekniske tenester til skulekonsertproduksjonen «Djønne & Børsheim» hausten 2016 i tidsromma 12.09 – 16.09 og 31.10 – 04.11. Turneen går i Askøy kommune.

Hordaland fylkeskommune (HFK) har i oppgåve å formidle kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet til alle elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. På programmet til Kulturtanken, Den kulturelle skolesekken i Hordaland finn de musikk, film, kulturarv, litteratur, scenekunst og visuell kunst.

Kulturtanken, Den kulturelle skolesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Den kulturelle skolesekken vert finansiert av spelemidla frå Norsk Tipping, og desse vert fordelt av Kulturdepartementet.

Hordaland fylkeskommune sine musikkprodusentar og turnéleggjar har kunstnarleg, administrativt og logistisk ansvar for gjennomføringa av skulekonsertane.

«Djønne og Børsheim» framfører musikk med røter i folkemusikktradisjonen frå Voss og Hardanger, og dei har komponert ny musikk til eigne og andre sine tekster. Konserten er for 1. – 7. klasse (6 – 13 år).

Instrumentering:
Annlaug Børsheim – hardingfele, kassegitar og song
Rannveig Djønne – toradar og song

1. Krav til leverandøren

- Relevant utdanning/erfaring som lydteknikar med ei fortrulegheit for stadig nye spelestader med varierende akustikk.
Spelestaden er det rommet den einskilde skule finn best eigna. For mange skular er dette gymnastikksalen.

- Punktlegskap og ordenssans
Konsertplanen for ein skulekonsertturné er utforma av turnéleggjar og godkjend av leiinga ved skulane. Når vi bryt inn i skulen sin kvardag, må dei kunne stole på at vi alltid følgjer avtalte tidsskjema.
- Evne til å omgåast barn med venlegheit og tålmod
Når du kjem til skuleplassen, hugs at du representerer Hordaland fylkeskommune. I eit så lite format som dette har alle eit ansvar for å møte skulen og elevane med respekt og fleksibilitet, for på den måten å leggje grunnlaget for gode kunstnarlege opplevingar.
- Førarkort klasse B
Hordaland fylkeskommune stiller med leigebil.

2. Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av gjeldande kontraktsvilkår for HFK og med standard formular for kontrakt.

3. Kravspesifikasjon

Oppdraget gjeld lydtekniske tenester for skulekonsertproduksjonen «Djønne og Børsheim».

Tidsperspektiv:

10 konsertdagar fordelt på to veker

Veke 37: 12.09 – 16.09

Veke 44: 31.10 – 04.11

Konsertane går føre seg i Askøy kommune i skuletida (kl 09:00 – 14:00).

Maksimum 3 konsertar pr dag (maks gjennomsnitt 2,5 pr dag)

Maksimum 1 flytt

Maksimum 150 elevar pr konsert

Konsertlengda er 40 minutt

Tidlegaste konsertstart er kl 09:00

Leigebil og utstyr skal hentast hos HFK fredag 09.09 og fredag 28.10 innafor tidsrommet kl 13.00 – 16.00.

Spesifikasjonar:

Oppsettet er eit lite PA (utan monitorering), 2 sceneplatter, 2 sceneteppe m/spigot på Manfrotto stativ

Tekniske spesifikasjonar for lydutstyr:

DPA-mikrofonar på toradar, hardingfele og kassegitarr (musikarane sitt private utstyr)

Utstyr levert av Hordaland fylkeskommune:

SM Shure 58 mikrofonar til vokal

Tannoy V15 høgtalarar

Yamaha EMX 5016 CF, 12 kanals miksar/forsterkar (600W)

StageBox multikabel
 Sceneplatter
 Sceneteppe m/spigot
 Manfrotto stativ

Det er ønskjeleg at tilbydar har ansvaret for å styre lyd under skulekonsertane, samt bidrar med opprigg, nedrigg og sjåfør oppgåver saman med utøvarane.

4. Innlevering av anbod

Ved innlevering skal det følgje med eit tilbudsbrief som er datert og signert av bemyndiga person, kor det tydeleg går fram

- Namn på leverandør
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktinformasjon – e-postadresse/telefonnummer

Tilbodet skal leverast pr e-post til

Namn: Wenche Gausdal

e-post: Wenche.Gausdal@hfk.no

E-posten skal merkast

«Lydtekniske tenester til skulekonsertproduksjonen «Djønne & Børsheim»

5. Krav til dokumentasjon

- Kort og samanfatta CV
- Dokumentasjon av relevant arbeid
- Referansar

6. Tilbudsfrist

Tilbudsfristen er satt til 17. august kl 15.00.

Innkome tilbod innan fristen vert vurdert omgåande.

7. Tildelingskriterier

Tildelingskriterium	Prioritet/vekt
Pris – honorar pr dag	50
Kvalitet – erfaringar frå liknande oppdrag	25
Service og levering – referansar som viser pålitelegheit og serviceinnstilling	25

Eventuelle spørsmål skal rettast via e-post til Wenche.Gausdal@hfk.no

Spørsmål og svar går i kopi til alle involverte i anbodskonkurransen.

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er fritaken frå kunngjøringsplikta.

Invitasjonen vert sendt til Hans Petter Heggli, Sondre Melum, Thomas Honningsvåg, Paul Inge Vikingstad, Jorunn Børve Eriksen, Tor Erik Høydahl Eriksson og Oda Førde Braanaas.

8. Anbudskonkurranse

Anbudet vil bli gjennomført som ein konkurranse. Forhandlingar er ikkje tillate. Leverandøren vert oppmoda til å gje sitt beste tilbod.

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Wenche Gausdal
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.